



Nils Markus Bakke  
Fjellangersvingane  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2186 - 16/33889

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
09.12.2016

## Gbnr 103/2 Fjellanger. Løyveing av SMIL-midlar til gjerde på gbnr 185/4 Isdal

Eigedom: gnr.185 bnr.4 Isdal  
Adresse: Isdal 57, 5916 Isdalstø  
Type tiltak: Gjerde inn og rydde gammal beitemark, til bruk for sau.  
Søker: Nils Markus Bakke

### Saka gjeld:

Det vert søkt om tilskot til å rydde og gjerde inn eit gammalt kulturbeite i Isdal. Beitet er om lag 14 da og lengda på gjerdet er sett til 390 meter. I tillegg to portar.

Søkar er Nils Markus Bakke, men tiltaket skal utførast på leigejord som ligg i Isdal. Han nyttar området til beite for sau. Etter kvart skal eigaren av 185/4 sjølv overta drift av eigdommen.

Det ligg føre eit kostnadsoverslag på kr.82190,- og det ersøkt om knapt 50% tilskot.

### Vurdering og vedtak:

Tiltaket er rydding av gammal kulturmark. Isdalgarden er eit særmerkt kulturlandskap med klyngetun og jordbrukslandskapet rundt. Rydding er i eit område som tidlegare var beite. Det ligg heilt sør på garden og vil gje ein fin avslutning på det som no er ope areal på garden.

Kostnadsoverslaget er noko høgt i høve til dei satsane som kan godkjennast. Godkjend kostnadsoverslag vert sett til kr.75200,-. 50% tilskotssats gjev eit tilskot tilsvarende kr. 37200,-. Frist for gjennomføring vert sett til tre år. Det kan givast to år utsett frist etter søknad.

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om midlar til miljøtiltak i jordbruket og i tiltaksstrategien for Lindås kommune vert det løyvt kr.37200,- til å setje opp gjerde og rydde beite på gnr.185 bnr.4 Isdal.

Frist for gjennomføring vert sett til 15.12.2019.

### Klagerett :



Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

#### Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

#### Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar ( saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- Til utbetaling vil konto 3632.08.04587 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.

#### Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

#### Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
Landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vidar Ingebrigtsen

Isdal 57

5916

ISDALSTØ

**Mottakrar:**

Nils Markus Bakke

Fjellangersvingane 5955

LINDÅS